

## Rekneskap for 2009 og budsjett for 2010

*Framlegg til vedtak: Instituttrådet tek rekneskapen for 2009 og budsjettet for 2010 til vitande. Rådet sluttar seg til sparetiltaka som er skisserte for 2010. Sparetiltaka for 2011 og 2012 vil bli drøfta i eit nytt rådsmøte.*

### **I. Rekneskap 2009**

Så langt instituttet er orientert no i slutten av februar, avsluttar IF 2009-rekneskapen med ein pluss på 774.000 kroner. I tillegg kjem ein refusjon for utgifter knytt til studieleiar i Caen, der pengane er lagde ut i fjor, men refusjonen kjem først i år. Når vi inkluderer denne summen, blir overskotet frå 2009 litt over 900.000 kroner. Samstundes har vi nesten 1.500.000 kroner som er bundne opp i øyremerkingar og blir førte over frå 2009 til 2010. Dermed har vi altså nesten 600.000 kroner meir i øyremerkte bindingar enn overskotet vi tek med oss. Så sjølv om instituttet samla sett har eit greitt overskot med frå i fjor, har vi i praksis lånt av øyremerkte midlar til fellesføremål. *Dermed trekkjer vi med oss eit reelt underskot til fellesføremål inn i 2010. Vi skal handtera dette samstundes som vi skal tilpassa oss svært magre løyvingar for 2010.*

Instituttet sette opp budsjettet for 2009 med eit underskot på knapt 500.000 kroner, jf sak 4 på institutttrådsmøtet 25.2.2009.

Den vedlagde lista viser korleis dei øyremerkte midlane som blir overførte frå 2009, fordeler seg på ulike føremål.

Eit tilleggsmoment er at vi etter avslutta utvikling av Nettitaliensk hadde 470.000 kroner att av udisponerte midlar. Dette har instituttet orientert om (ePhorte: 7/1456), og vi *kan* risikera at vi må betala tilbake delar av eller heile denne summen til UiB. Så langt er vi ikkje blitt bedne om dette, og vi får håpa det ikkje blir aktuelt.

Elles var det i 2009 elleve prosjekt ved IF som fekk støtte av såkalla smådriftsmidlar, til saman litt over 800.000 kroner. Desse midlane vart brukte opp.

### **II. Budsjett 2010**

Budsjettet for instituttet i 2010 er dramatisk dårleg. Som det går fram av det vedlagde budsjettet, kan IF i 2010 rekna med 5 millionar kroner i løyvingar, og budsjetterte utgifter er på 7 millionar. Vi kan med andre ord sjå føre oss 2 millionar i reelt underskot ved IF ved utgangen av 2010. Då er det oppsamla underskotet frå 2009 inkludert i denne summen. Sidan instituttet i praksis låner frå dei øyremerkte midlane til fellesføremål, vil neppe underskotet sjå så stort ut på papiret når rekneskapen for 2010 vert avslutta, men *det reelle underskotet i fellesmidlane til instituttet kan altså anslagsvis bli to millionar ved slutten av 2010.*

Det er fleire faktorar vi pr i dag ikkje har fullt oversyn over, og dette er for så vidt viktige faktorar. Ikkje minst må vi håpa fakultetet vil setja av ei ekstraløyving til instituttbudsjetta under budsjettjusteringa i fakultetsstyremøtet 16. mars. Men på den andre sida må vi leggja til grunn at instituttet får relativt store tilleggsutgifter til sosiale kostnader, sidan dei sosiale kostnadene som følgjer med lønsutgifter, må dekkast av instituttet straks lønsutgifter går ut over ei ramme på 30 prosent av instituttbudsjettet. Det reelle underskotet i fellesmidlane som er stipulert ovanfor er derfor realistisk.

Instituttleiinga vil leggja fram eit justert budsjett for instituttrådet etter fakultetsstyremøtet 16. mars, og der vil vi òg anslå meirutgiftene til sosiale kostnader.

Slik det no ser ut, er vi som fakultet i ferd med å få ned det samla underskotet gjennom stillingsreduksjonar. Parallelt med dette ser vi ut til å byggja opp eit reelt underskot ved instituttet. Dei samla løyvingane til instituttet vart skorne ned frå 2008 til 2009, og i 2010 får vi eit sterkt kutt i løyvingane *samanlikna med 2009*. Den økonomiske situasjonen ved institutta vart drøfta i eit møte mellom leiinga ved fakultetet, institutta og sentra fredag 19. februar, og representantane for alle dei fem institutta streka under alvoret i situasjonen. Fakultetet har etter dette utsett saka om justering av 2010-budsjettet til fakultetsstyremøtet 16. mars, og det blir lagt opp til instituttvise møte der ein går konkret gjennom økonomien ved det einskilde instituttet før fakultetsstyremøtet i mars.

Særleg dramatisk er det at den generelle resultatløyvinga frå fakultetet til institutta i år fell heilt bort – for IF utgjorde denne enkeltløyvinga over 2.6 millionar i 2008 og i overkant av 1.4 millionar i 2009. Nedanfor følgjer eit oversyn over den samla tildelinga av friske midlar til IF ved starten av året (overføringar frå året før er ikkje inkludert her, det same gjeld løyvinga til sensur på masternivå, sidan dette før 2010 vart dekkja direkte av fakultetet). Det er viktig å streka under at dette er eit driftsbudsjett ved starten av året, vi får alltid ein del viktige løyvingar i tillegg. Desse løyvingane betrar situasjonen noko, og det er slike tilleggsløyvingar – saman med nokre eksterne inntekter – som gjer at vi kan budsjettera med samla løyvingar på vel 5 millionar i 2010. Men driftsbudsjettet gjev eit godt grunnlag for å samanlikna dei meir faste løyvingane frå år til år. Slik ser løyvingane til IF ut dei siste tre åra:

2008: 5.182.638 kroner  
 2009: 3.774.221 kroner  
 2010: 2.188.200 kroner

Reduksjonen her er altså på tre millionar kroner over to år. Tabellen nedanfor gjev eit oversyn over alle HF-institutta bortsett frå Griegakademiet.

**Tabell: Tildeling av "friske midlar" til institutta ved starten av året (driftsbudsjettet)**

|                                                       | AHKR      | FoF     | LLE       | IF        |
|-------------------------------------------------------|-----------|---------|-----------|-----------|
| <b>2008</b>                                           | 5 017 355 | 998 572 | 5 543 129 | 5 182 638 |
| <b>2009</b>                                           | 4 690 939 | 845 174 | 4 546 367 | 3 774 221 |
| <b>2010</b>                                           | 3 288 420 | 568 760 | 3 058 360 | 2 188 200 |
| <b>2010-tildeling i prosent<br/>av 2008-tildeling</b> | 66        | 57      | 55        | 42        |

Overføringar frå året før er haldne utanfor tabellen. Det same gjeld tildelinga til mastersensur i 2010, sidan dette dei tidlegare åra har vore dekkja av fakultetet. LLE hadde dessutan i 2008 ei løyving til ANA i driftsbudsjettet, som seinare er trekt ut, og denne løyvinga er derfor heller ikkje inkludert i oversynet over. FoF fekk i 2009 løyvinga til "drift ex.phil" lagt inn i driftsbudsjettet,

men sidan løyvinga er halden utanfor driftsbudsjettet både året før og året etter, har eg ikkje inkludert henne i oversynet over. Desse korrigeringsane er altså gjort for at dei samla løyvingane skal vera mest mogleg samanliknbare frå år til år.

Ein annan synsvinkel er å dela dei ulike ressursane som blir tilført IF, inn i ulike hovudgrupper: faste stillingar, forskingsmidlar, undervisning, andre fellesføremål.

Stillingsbudsjettet ligg som kjent på fakultetet. I lys av den vanskelege stoda, har instituttet fått brukbar utteljing så langt. Ny førsteamanuensis på italiensk er på plass, det er tilsett ny professor på arabisk, og vi har eit rimeleg håp om at stillinga på russisk fell på plass. Samstundes har vi, som alle kjenner til, klare stillingsbehov på japansk, engelsk og latinamerikansk litteratur. Instituttet er i ferd med å få tre nye stipendiatar (inkl. LIAS-stipendiaten), og det blir spennande å sjå korleis stipendiatporteføljen blir fordelt mellom institutta vidare framover.

Forskningsfinansieringa er rimeleg bra. Samstundes som forskings- og publiseringsstøtta frå fakultetet har falle vekk, har instituttet sett av om lag helvta av påskjøningsmidlane for uteksaminerte masterkandidatar og doktorandar til ein felles pott til forskingsstøtte frå instituttet. Dette er bra for forskinga, men mindre bra for andre fellesføremål ved instituttet, som også kunne trenga desse pengane. I tillegg får dei ulike rettleiarane ein tilsvarende sum (vel 300.000) som individuelle påskjøningsmidlar til forskingsføremål. Dette kjem i tillegg til overførte, individuelle påskjøningsmidlar frå i fjor, som er på vel 260.000 kroner til saman. I tillegg viser det seg også – etter mykje att og fram – at vi likevel får smådriftsmidlar frå både NFR, UiB sentralt og HF i 2010. Her får IF i overkant av 600.000 kroner. I tillegg har forskarar frå IF sendt inn ei rekkje søknader til Metzterfondet, Universitetsfondet mm. Instituttet har òg nokre større forskingsprosjekt med ekstern finansiering, som LIAS og Future of Russian.

Men vi har problem med å få dekkja inn undervisninga og andre utgifter ved instituttet. Når det gjeld undervisninga, er det budsjettet med 2 millionar. Her er det grunn til å merka seg at fakultetet brukar ein nøkkel som seier at 30 prosent av løyvingane til instituttet er forventa brukt til lønsmidlar (timelærarar, vikarar). Så lenge vi held oss innanfor desse 30 prosentane, dekkjer fakultetet dei sosiale kostnadene. Men straks vi brukar ein større del av løyvingane våre til lønsmidlar, må instituttet *øg leggja ut for dei sosiale kostnadene*. Dette betyr som kjent eit tillegg på 30 prosent for mindre stillingsprosentar og 44 prosent for dei som er i større stillingar. Det viktigaste vi kan gjera for å spara, er derfor å halda nede utgiftene til undervisning. Og ved eksternfinansierte frikjøp må vi sikra at frikjøpsmidlane også dekkjer sosiale kostnader. Det vil bli lagt fram eit justert budsjett for instituttrådet - med oversikt over sosiale kostnader lagt på instituttet - etter budsjettjusteringa i fakultetsstyret i mars.

Ein annan ting det er verd å merka seg, er at fakultetet frå i år av har overført ansvaret for sensorhonorar også på masternivået til institutta. Vi får no overført til saman 488 000 kroner, og dette skal rekkja til å dekkja alle sensorhonorar vi betalar ut på dei ulike nivåa. Vi har bede fakultetet om eit oversyn over dei faktiske kostnadene til sensurering ved institutta i 2008 og 2009, for å sjå om summane vi no får overført, er tilstrekkelege.

### **3. Innsparingar**

Ut frå situasjonen blir det gjort framlegg om følgjande innsparingar:

#### I. Innsparingar som trer i kraft i 2010

- (A) Innleige av lærarar på faga må reduserast til eit minimum hausten 2010. På dei faga det er mogleg, må vi heilt unngå innleige. Dette vil ha følgjande konsekvensar for dei ulike faga hausten 2010:
- a. Arabisk kan leiga inn vikar for Torlakova som har forskingstermin (26.000). I tillegg kan faget leiga inn vikar i påvente av at den nyttilsette professoren skal byrja i stillinga, men berre dersom vi får ekstraløyving frå fakultetet til dette.
  - b. Engelsk kan leiga inn vikar for Hestetun og Sillars for inntil 52.000 kroner (forskingsterminar). I tillegg kan det leigast inn lærarar for frikjøpsmidlar frå Makerere-prosjektet.
  - c. Fransk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.
  - d. Italiensk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.
  - e. Japansk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.
  - f. Russisk treng ei nærare avklaring av kva faste stillingar som er på plass ved faget hausten 2010. Lærarbehovet må drøftast nærare når dette er meir avklara.
  - g. Spansk kan hyra inn vikar for Quesada, som er frikjøpt med midlar frå LIAS-prosjektet (105.000 inkl. sosiale kostnader), og eventuelt vikar knytt til andre eksternfinansierte frikjøp. I tillegg blir det arbeidd med å finna løysingar for to doktorandar som er lova påskjøningssemester etter innlevering på normert tid (i tråd med ordninga som galdt då dei starta opp stipendperioden).
  - h. Tysk kan ikkje engasjera mellombels tilsette lærarar.
- (B) Ingen av faga kan leiga inn eksamenshjelp i 2010 bortsett frå der det trengst *ekstern sensor*.
- (C) Instituttet kan ikkje dekkja utgifter til gjesteforelesarar i 2010.
- (D) Instituttet seier opp alle abonnement på tidsskrift, magasin og aviser som blir belasta fellesmidlane ved instituttet. Utgiftene til denne posten var i underkant av 40.000 kroner i fjor.
- (E) Sensurmøte og munnlegeksamen skjer via telefon og videokonferanse. Reise og opphald for ekstern sensor blir berre dekka dersom det er særskilte grunnar, og etter søknad til instituttet.
- (F) Driftsmidlane til bachelorprogramma vert redusert til 4.000 kroner pr program.
- (G) Det blir ikkje gitt meir enn 50 prosent av ordinær kostsats i tilfelle der instituttet dekkjer reiseutgifter.
- (H) Instituttet brukte nesten 80.000 kroner av fellesmidlane til innkjøp av bøker i 2009, og dette er stort sett bøker til undervisninga – både til fast tilsette og innleigde lærarar. IF bør vurdere å etablere ei ordning der vi samlar innkjøpte undervisningsbøker i eit bibliotek, så kan både fast tilsette og mellombelse låna bøker derifrå. Dermed slepp vi å kjøpa inn dei same bøkene gong etter gong. AHKR har allereie ei slik ordning.

## II. Innsparingar som bør vurderast for 2011 og 2012:

- (A) Dei samla utgiftene til innleigde lærarar i 2011 må ikkje overskrida summen av forskingsterminmidlar frå fakultetet og eksterne frikjøpsmidlar. Det vil krevja reduksjonar i undervisninga å få til dette.
- (B) Institutt delen av påskjøningsmidlane for master- og doktorgradsstudentar blir i 2011 og 2012 sett av til generelle fellesføremål, og ikkje til forskings- og publiseringssøtte.
- (C) Instituttet kan normalt ikkje gje stipendiatar eit fjerdeår til undervisning ("pliktarbeid"). Dette er ei etter måten dyr ordning, som også fører med seg bindingar på undervisningsutgiftene i fleire år framover. Her kan det òg nemnast at ordninga med såkalla "påskjøningsengasjement" for stipendiatar som leverer på normert tid, er

i ferd med å bli fasa ut. Denne ordninga galdt for stipendiatar som starta i perioden hausten 2003-hausten 2005. Stort sett har IF greidd å gje påskjøningsengasjement der det var vore forespegla, men ordninga har kosta ganske mykje.

*Arve Kjell Uthaug,  
22. februar 2010*

# VEDLEGG 1 – budsjett for Institutt for framandspråk 2010

## LØYVINGAR TIL INSTITUTTET

### DRIFTSBUDSJETT

|                                     |         |
|-------------------------------------|---------|
| Sensur bachelor                     | 209 000 |
| Sensur master                       | 279 000 |
| Ekskursjonar                        | 38 000  |
| Forskingsterminar, ordinære         | 260 700 |
| Driftsmidlar stipendiatar           | 398 000 |
| Påskjøningsmidlar master/dr         | 610 000 |
| Drift instituttleiar                | 150 000 |
| Styrking arabisk/ital/jap/russisk   | 100 000 |
| Russisk språkpedagog                | 150 000 |
| Prodekanus frikjøp                  | 67 500  |
| Forskarskulen språkvit. og filologi | 165 000 |
| Lærarutdanninga                     | 40 000  |

### TILLEGGLØYVINGAR OG INNTEKTER

|                                                               |         |
|---------------------------------------------------------------|---------|
| Frikjøp Haugland forskarskule (V10 og H10)                    | 46 900  |
| Frikjøp Svrljuga kvalifisering (V10)                          | 32 000  |
| Vikarmidlar Schjolden (V10)                                   | 54 200  |
| Vikarmidlar russisk (V10 og H10)                              | 332 900 |
| Forventa tilleggsløyving til arabisk                          | 129 440 |
| Driftsmidlar til kvotestudentane Nka, Zambo, Avodo            | 96 000  |
| Drift Bundgaard                                               | 7 500   |
| Forskarskulen i språkvitskap og filologi<br>(ekstratildeling) | 150 000 |
| Reisestøtte frå fakultetet, Ohldieck                          | 28 700  |
| Reisestøtte frå fakultetet, Moss                              | 86 300  |
| Frikjøp av Quesada, LIAS-prosjektet                           | 210 000 |
| Frikjøp av studieleiar i Caen (V10)                           | 75 000  |
| Disputasførebuingar (8 stk x 30.000)                          | 240 000 |
| Refusjon av Caenutgifter frå 2009                             | 165 000 |
| Administrasjon NOMA                                           | 19 090  |
| Makerere-frikjøp (v10)                                        | 70 000  |
| Administrasjon av vidareutdanninga på spansk                  | 90 000  |

**Sum** **4 300 230**

Overføringer frå 2009 774 000

**Sum med overføringer** **5 074 230**

## BUDSJETTERTE UTGIFTER

### ØYREMERKTE OVERFØRINGAR FRÅ 2010

|                           |         |
|---------------------------|---------|
| Påskjøningsmidlar         | 264 021 |
| Driftsmidlar stipendiatar | 548 736 |
| Andre føremål             | 674 954 |

### UNDERVISNING

|                                                  |         |
|--------------------------------------------------|---------|
| Arabisk våren                                    | 114 310 |
| Engels våren                                     | 286 586 |
| Fransk våren                                     | 106 602 |
| Italiensk våren                                  | 0       |
| Japansk våren                                    | 63 504  |
| Russisk våren                                    | 289 993 |
| Spansk våren                                     | 202 226 |
| TRANSHF våren                                    | 115 314 |
| Tysk våren                                       | 24 964  |
| Arabisk hausten                                  | 97 680  |
| Engelsk hausten                                  | 56 000  |
| Fransk hausten                                   | 0       |
| Italiensk hausten                                | 0       |
| Japansk hausten                                  | 0       |
| Russisk hausten                                  | 227 450 |
| Spansk hausten                                   | 218 725 |
| Tysk hausten                                     | 0       |
| Fransk, pliktarbeid 2 stipendiatar, vår og haust | 184 000 |
| Spansk, pliktarbeid 1 stipendiat, vår og haust   | 92 000  |
| Fulbright, vår og haust                          | 75 000  |
| Sensur bachelornivå vår og haust                 | 209 000 |
| Sensur masternivå vår og haust                   | 279 000 |

### ANDRE UTGIFTER

|                                                           |         |
|-----------------------------------------------------------|---------|
| Aviser og tidsskrift                                      | 30 000  |
| Bøker, felles                                             | 75 000  |
| Datautstyr, kjøp                                          | 225 000 |
| Disputasutgifter (8 x 20.000 kr)                          | 160 000 |
| Driftsmidlar instituttleiar                               | 150 000 |
| Driftsmidlar til stipendiatar                             | 298 500 |
| Driftsmidlar kvotestudentar (Nka, Zambo, Avodo)           | 72 000  |
| Forskarskulen i språkvitskap og fil.                      | 315 000 |
| Forskings- og publiseringsstøtte frå instituttet          | 247 200 |
| Kontormaskiner (leige/sørvisavtale), kopiering, kopipapir | 90 000  |
| Rekvisita                                                 | 75 000  |
| Reisekostnader av fellesmidlar                            | 300 000 |
| Porto                                                     | 75 000  |
| Påskjøningsmidlar, individuelle                           | 305 000 |
| Reisestøtte Ohldieck                                      | 28 700  |
| Reisestøtte Moss                                          | 86 300  |
| Studentekskursjon til Italia                              | 38 000  |
| Telefonutgifter                                           | 165 000 |
| Andre driftsutgifter                                      | 300 000 |

### Sum

**7 165 765**

## VEDLEGG 2 – overføringer av midlar ved IF frå 2009 til 2010

S14-Analyseregnskap 10g I-K Periode : 'Des-09', Sted f.o.m. : '112000', Sted t.o.m. : '112000', Budsejtnavn : 'B4-BUD.PROG', Område : 'GB', Saldouttrekk : 'F, I', Analyse f.o.m. : '000000', Analyse t.o.m. : '999999', Firma : '01', Motpart : '%', Virksomhet : 'T' 04.02.2010 Side 1 av 1

|               |             |                 |                |
|---------------|-------------|-----------------|----------------|
| A-Sted:<Alle> | Sted:<Alle> | Prosjekt:<Alle> | Motpart:<Alle> |
|---------------|-------------|-----------------|----------------|

|                                                              |            | Årsbudsjett   | Regnskap hittil i år | Avvik hittil i år | Overføres |
|--------------------------------------------------------------|------------|---------------|----------------------|-------------------|-----------|
| Analyse                                                      | I/K        |               |                      |                   |           |
| 216501 Alvarez-Solar, Maria C.                               | Kostn.     | 22 671        | 8 766                | 13 905            | 13 905    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>22 671</b> | <b>8 766</b>         | <b>13 905</b>     |           |
| 216502 Angvik, Birger                                        | Innt.      | 0             | -10 438              | 10 438            | 0         |
|                                                              | Kostn.     | 0             | 10 438               | -10 438           |           |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>0</b>      | <b>0</b>             | <b>0</b>          |           |
| 216503 Armstrong, Charles Ivan<br>(korrigert for feilføring) | Kostn.     | 3 150         | 12 297               | 387               | -9 147    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>3 150</b>  | <b>12 297</b>        | <b>-9 147</b>     |           |
| 216504 Askeland, Jon                                         | Kostn.     | 6 300         | 4 926                | 1 374             | 1 374     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>6 300</b>  | <b>4 926</b>         | <b>1 374</b>      |           |
| 216505 Bell, Joseph Norment                                  | Kostn.     | 5 672         | 0                    | 5 672             | 5 672     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>5 672</b>  | <b>0</b>             | <b>5 672</b>      |           |
| 216506 Berge, Marit                                          | Innt.      | 0             | -8 589               | 8 589             | 3 105     |
|                                                              | Kostn.     | 7 999         | 13 483               | -5 484            |           |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>7 999</b>  | <b>4 894</b>         | <b>3 105</b>      |           |
| 216507 Breivik, Leiv Egil                                    | Kostn.     | 6 562         | 2 105                | 4 457             | 4 457     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>6 562</b>  | <b>2 105</b>         | <b>4 457</b>      |           |
| 216508 Børtnes, Jostein                                      | Kostn.     | 5 123         | 2 354                | 2 769             | 2 769     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>5 123</b>  | <b>2 354</b>         | <b>2 769</b>      |           |
| 216509 Chiquito, Ana Beatriz                                 | Kostn.     | 383           | 0                    | 383               | 383       |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>383</b>    | <b>0</b>             | <b>383</b>        |           |
| 216511 Fenner, Anne-Brit                                     | Kostn.     | 5 902         | 0                    | 5 902             | 5 902     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>5 902</b>  | <b>0</b>             | <b>5 902</b>      |           |
| 216512 Fløttum, Kjersti                                      | Kostn.     | 56 700        | 0                    | 56 700            | 56 700    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>56 700</b> | <b>0</b>             | <b>56 700</b>     |           |
| 216513 Hagen, Margareth                                      | Kostn.     | 43 053        | 37 241               | 5 812             | 5 812     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>43 053</b> | <b>37 241</b>        | <b>5 812</b>      |           |
| 216515 Halverson, Sandra Louise                              | Kostn.     | 21 191        | 10 361               | 10 831            | 10 831    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>21 191</b> | <b>10 361</b>        | <b>10 831</b>     |           |
| 216516 Haugland, Kari Elaine                                 | Kostn.     | 18 105        | 0                    | 18 105            | 18 105    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>18 105</b> | <b>0</b>             | <b>18 105</b>     |           |
| 216518 Henjum, Kjetil Berg                                   | Kostn.     | 2 739         | 2 658                | 81                | 81        |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>2 739</b>  | <b>2 658</b>         | <b>81</b>         |           |
| 216519 Hestetun, Øyunn                                       | Kostn.     | 30 509        | 22 881               | 7 628             | 7 628     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>30 509</b> | <b>22 881</b>        | <b>7 628</b>      |           |
| 216520 Holm, Helge Vidar                                     | Kostn.     | 13 150        | 10 608               | 2 542             | 2 542     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>13 150</b> | <b>10 608</b>        | <b>2 542</b>      |           |
| 216522 Janicki, Karol                                        | Kostn.     | 23 851        | 14 632               | 9 219             | 9 219     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>23 851</b> | <b>14 632</b>        | <b>9 219</b>      |           |
| 216523 Johannessen, Lene M                                   | Kostn.     | 44 500        | 37 683               | 6 817             | 6 817     |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>44 500</b> | <b>37 683</b>        | <b>6 817</b>      |           |
| 216524 Johnsen, Åse                                          | Kostn.     | 655           | 655                  | 0                 | 0         |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>655</b>    | <b>655</b>           | <b>0</b>          |           |
| 216525 Jørgensen, Annette Maria Myre                         | Kostn.     | 0             | 2 660                | -2 660            | -2 660    |
|                                                              | <b>Sum</b> | <b>0</b>      | <b>2 660</b>         | <b>-2 660</b>     |           |
